



Retningslinjer for behandling av søknader om snøskuterløyve i Sirdal

LØPENR/SAKSNR: 12554/2016-2014/630	SAKSBEHANDLER: Sven Sandvik	DATO: 30.09.2016
---------------------------------------	--------------------------------	---------------------

UTV.SAKSNR: 16/126	UTVALG: Utvalg for teknikk, landbruk og miljø	MØTEDATO: 11.10.2016
-----------------------	--	-------------------------

Bakgrunn

Motorferdselsforsøket, som Sirdal kommune slutta seg til i 2001, vart oppheva 1. mai 2014. Dette medførte at alle som hadde behov for snøskuterløyve utanfor verneområda vinteren 2014/15 måtte søkje om nytt snøskuterløyve etter nasjonal forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag.

Det vart i denne samanheng teke opp ei sak i utvalet for å avklare kva for prinsipp og praksis som skulle leggjast til grunn ved behandling av søknadane (PS sak 14/82, den 09.09.14).

Etter to år med saksbehandling, er rådmannen si erfaring at dei vedtekne prinsippa stort sett fungerer godt. Målet med denne saka er å foreslå nokre justeringar for å forenkle saksbehandlninga.

Vi tek først ein kort repetisjon av transportføremål som ikkje er søknadspliktige.

Transport utan søknad

Offentlig oppsyns- og tilsynsteneste, forsvaret, post- og teletenester, politi, ambulanse- og redningsteneste kan gjennomføre nødvendig transport utan å søkje om løyve til dette.

Motorferdselsregelverket opnar også for ein del anna nyttetransport på snødekt mark. Nokre av dei mest relevante vert omtala nedanfor:

Jord- og skogbruk

Aktive brukarar av eigedomar med minimum 5 daa jordbruksareal eller 25 daa produktivt skogareal, treng ikkje søkje om løyve til nødvendig person- og godstransport i samband med jord- og skogbruksnæring.

Nødvendig transport av ved vert rekna som ledd i denne næringa (også henting av ved til eige bruk). Brukarane av desse eigedomane treng difor ikkje søkje om løyve til transport av ved.

Drift og vedlikehald av utleiehytter, jakt, fangst, fiske og sanking av bær vert i motorferdselsregelverket ikkje rekna som del av jord- og skogbruksnæringa.

Transport av ved

Grunneigarar som ikkje driv aktiv jord- og skogbruksnæring kan gjennomføre nødvendig transport av ved frå egen eigedom til fast bustad utan søknad.

Hytteegar som har løyve til transport mellom bilveg og hytte kan transportere ved frå bilveg til hytta.

Transport i samsvar med byggeløyve

Det er på vinterføre ikkje søknadspliktig å gjennomføre transport av materiale, utstyr og arbeidsfolk til bygging i samsvar med byggeløyve.

Det vert i rundskriv T-1/96 presisert at dette ikkje omfattar køyring i samband med vanleg vedlikehald. Miljødirektoratet har per e-post 21.08.2014 bekrefta dette ovanfor kommunen. Ved behov for å transport av materiale og utstyr til vedlikehald/reparasjonar som er unntatt byggesaksbehandling, føresett Miljødirektoratet at dette vert gjort ved hjelp av leigekøyrarar. Rådmannen meiner at hytteeigar som har løyve til transport mellom bilveg og hytte kan gjennomføre slik transport sjølv.

Skiløyper og skibakkar

Det er ikkje søknadspliktig å opparbeide og preparere skiløyper og skibakkar for ålmenta eller konkurransar når det er kommunen, hjelpekorps, idrettslag, turlag eller turistbedrifter som gjer dette. Det vil mellom anna sei at løypekøyring som har fått kommunalt tilskot ikkje er søknadspliktig.

Turistanlegg

Ein har høve til å gjennomføre nødvendig transport i samband med drift av turistanlegg som ikkje er knyt til brøyta bilveg. Dette omfattar mellom anna skiheisar.

Anlegg og drift av vegar og anlegg

Nødvendig transport i samband med anlegg og drift av offentlige vegar og anlegg, samt andre vegar og anlegg av ein viss storleik, kan gjennomførast utan søknad om motorferdsel. Denne føresegna omfattar mellom anna kraftanlegg.

Transport av kalk

Det er ikkje søknadspliktig med transport i samband med fiskekultiveringstiltak når desse er i offentlig regi. Det avgjerande er om tiltaket er gitt offentlig støtte.

Transport av jaktutbytte

Bruk av motorkjøretøy er tillat ved transport av jaktutbytte ved jakt på elg og hjort. Transport av anna jaktutbytte, til eksempel villrein eller rådyr, er ikkje tillat. Ein har som hovudregel heller ikkje høve til å gi dispensasjon etter § 6 om unntakstilfelle for slik transport.

Transport av jegerar og utstyr ut i jaktterreng, eller under utøving av jakta er ikkje tillat.

Vurdering

Delegasjon

Utvalet har delegert alt som kan delegerast etter motorferdselslova og tilhøyrande forskrifter til rådmannen (PS sak 14/82, den 09.09.14). Det som kan delegerast er: motorferdselslova § 6, nasjonal forskrift § 5 og § 5a og lokal forskrift. Avgjersler etter nasjonal forskrift § 6 om unntakstilfelle, kan ikkje delegerast til rådmannen.

Løyver i verneområda

Kommunen har som praksis å gjeve løyve etter motorferdselslova i samsvar med løyve gitt av verneområdeforvaltninga. Ein plar då berre vise til dei vurderingane som er gjort i saksutgreiinga til verneområdeforvaltninga. Det er etter rådmannen sitt syn ikkje nødvendig å dobbeltbehandle desse søknadane.

Registreringsnummer

Rådmannen foreslår at kommunen går vekk i frå praksisen med å knyte løyva opp til registreringsnummer. Dette vil forenkle både saksbehandling og administrasjon. Ein slepp å sende ut brev for å etterlyse registreringsnummer ved behandling av søknader og ein slepp å oppdatere ei liste over løyver kvar gong ein løyvehavar har kjøpt ny snøskuter.

Politiet har i møte med kommunen gjeve uttrykk for at dei som kontrollmyndigheit ikkje har behov for oversikt over registreringsnummer. Det vesentlige ved ein kontroll er å sjekke om personen som vert stoppa har løyve til motorferdsla som vert gjennomført.

Følgjeskuter

Det bør av tryggleiksomsyn leggjast inn eit punkt i standardvilkåra om at det er lov å ha med ein følgjeskuter. Følgjeskuterer bør, i den grad det er mulig, også bidra med nyttetransport. Rådmannen ønskjer ikkje å stille spesifikke vilkår for å avgrense kven som kan køyre følgjeskuter. Det avgjerande må vere at følgjeskuterer er i følgje med ein snøskuter som er på lovleg oppdrag og at tilhøva tilseier at det er fornuftig å køyre to i følgje.

Løyva sin varigheit

I høve rundskriv T-1/96 kan det gjevast fleirårige løyve når kjøreføremålet strekk seg over fleire år og det ikkje er tvil om at transporten er rettkomen. Det bør under ingen omstende gjevast løyve for lengre tidsrom enn fem år om gongen.

Rådmannen meiner at tildeling av fem-års-løyve bør vere normalen. Dette er den mest effektive måten å spare administrasjon på. Bruk av fire-års-løyve ville til samanlikning krevje 25 % fleire vedtak over tid.

Transport til hytter

I høve forskrifta kan hytteeigar (leigetakar ved åremålsleige) få løyve til transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte når hytta ligg minst 2.5 km frå bilveg og det i området ikkje er tilgang på leigekøyring.

Det store fleirtalet av hytter i kommunen ligg innanfor grensa på 2.5 km. Av dei store hyttefelta er det berre Donsen, Grydalen og Josdal som har hytter utanfor 2.5 km grensa.

Transport av bagasje og utstyr til hytter i Donsen og Grydalen vert gjennomført av leigekøyrarar. Ingen av hytteeigarane i desse hyttefelta har eigne løyve til transport av bagasje og utstyr.

I Josdal er avgrensinga ikkje like avklart. Grensa på 2.5 km følgjer eit høgdeskilje i terrenget ved dei bratte bakkane ovanfor Atlakstøl. Hovudtyngda av hyttene - frå Atlakstøl og nedover, ligg innanfor grensa på 2.5 km, medan dei høgareliggjande, spreidde hyttene ved Øvre- og Nedre Mågevatn, Ramnestøltjød, Hellestølvatnet og Kolbeintjød, ligg utanfor. Den nye reguleringsplanen for Josdal Hellstøl ligg også utanfor grensa på 2.5 km.

I saka som var oppe i september 2014 om praksis ved behandling snøskuterløyve, vart det for Josdal teke utgangspunkt i grensa på 2.5 km, men samtidig gjort klart at ein ønska at transport inn til hyttene i den nye reguleringsplanen for Josdal Hellstøl skulle gjennomførast av leigekøyrarar. Det vart i saka også vist til at grunneigarar som ønska å etablere nye eller oppretthalde eksisterande leigekøyringsordningar for spreidde hytter som ligg lenger enn 2.5 km frå brøyta bilveg, står fritt til å gjera dette. Dette følgjer av grunneigar sin rett til å forby eller avgrense motorferdsel på sin eigedom, jf. motorferdselslova § 10.

Rådmannen ønskjer å få ei tydeligare avklaring av praksisen i Josdal. I høve grendekontakten vert det stilt spørsmål ved mengda løyve tildelt til hytteeigarar i området i nyare tid. Veglaget har bede om eit møte med kommunen for å diskutere dette. Rådmannen vonar at ein kan lande nokre prinsipp som sikrar grunneigarane sine interesser og likebehandling for hytteeigarane. Dersom ein ikkje kjem fram til ei avklaring som er tydelig nok, kan dette takast opp politisk.

Leigekøyning

I høve rundskriv T-1/96 bør talet på leigekøyringsløyve i kvar kommune eller kvart distrikt avgrensast, ut i frå ei vurdering av behovet for transport.

I saka som var oppe i september 2014 om praksis ved behandling snøskuterløyve, vart det vedteke ei leigekøyringsordning der det ikkje vart talfesta kor mange løyve som kan tildelast i kommunen. Avgrensinga skjer ved at kvart løyve er knytt opp til eit eller fleire gnr/bnr der det er behov for leigekøyning. Løyvehavar er grunneigar sjølv, eller ein person/personer som grunneigar delegerer ansvaret til.

Leigekøyringsløyva vart i 2014 tildelt for ein to-års-periode med krav om loggføring av betalte oppdrag. Føremålet med loggføringa var å få betre oversikt over omfang og behov.

Rådmannen konstaterer at ordninga med loggføring ikkje har fungert etter intensjonen. Vi har mottoke så få loggar at vi har enda opp med eit materiale med liten bruksverdi. Rådmannen ønskjer ikkje å bruke mykje ressursar på å handheve ei loggføringsordning. Rådmannen legg til grunn at dei som søkjer om løyve til leigekøyning gjer dette fordi dei erfarer at det er behov for deira transporttenester. Vurderinga av transportbehovet og talet på løyve som trengs for å dekkje dette vert, med andre ord, delegert til grunneigarane.

Leigekøyringsløyva gjeld også utanfor dei gnr/bnr som dei primært er knytt opp til. Løyvehavar må også kunne ta oppdrag i nærområdet utanfor sine primære gnr/bnr. Løyvehavar har – innanfor rimelige grenser – plikt til å stille opp ved førespurnad om transport.

Miljødirektoratet har i ein e-post til kommunen 21.08.2014 bekrefta at eit leigekøyringsløyve kan omfatte fleire personar:

«Når det gjelder bruk av vikarer eller ekstrahjelp, mener direktoratet at det kan åpnes for dette, så lenge det dreier seg om et fåtall personer som navngis i søknaden og tillatelsen. Dersom det ikke er satt slike vilkår i vedtaket blir det vanskelig å styre hvem som har anledning til å kjøre, og hvem som ikke skal få lov til det.»

I rundskriv T-1/96 står det at ein ikkje har høve til å forskjellsbehandle søknader etter nasjonal forskrift §§ 5 eller 6 ut frå bustadkommune, statsborgarskap eller liknande. Det då kan gjerne oppfattast som sjølvmotseiande at det i forskrifta står spesifisert at det berre er «fastbuande» som kan få leigekøyringsløyve. Miljødirektoratet har i e-posten til kommunen 21.08.2014 gjort greie for si tolking av omgrepet «fastbuande»:

«Det følger av nasjonal forskrift § 5 første ledd bokstav a) at det kan gis tillatelse til bruk av snøscooter for fastboende som i ervervsmessig øyemed vil påta seg transport til enkelte formål som er ramset opp i bestemmelsen. Når det gjelder begrepet «fastboende» er dette ikke nærmere definert i loven/forskriften. Ingen steder i forarbeider/rundskriv knyttes begrepet fastboende eller de som skal få løyve til ervervskjøring opp mot at de må bo i den aktuelle kommunen. Det er begreper som bygd og distrikt som går igjen. Direktoratet har tolket bestemmelsen slik at det ikke er noe ubetinget krav om at vedkommende må være

fastboende i den kommunen det er snakk om å leiekjøre i. Det er tilstrekkelig om vedkommende f.eks. er fastboende i området/distriktet.»

Rådmannen legg til grunn følgjande: Også fastbuande i distriktet rundt Sirdal kommune kan få løyve til leigekøyning. Dette gjeld anten vedkomande sjølv er grunneigar ein stad i Sirdal kommune der det er behov for leigekøyning, eller vedkomande har fått delegert ansvaret frå ein grunneigar. Føresetnaden er – som for alle andre – at vedkomande i rimelig grad har høve til å stille opp ved førespurnad om transport.

Når det gjeld behovet for vikarar og ekstrahjelp, meiner rådmannen at løyvehavar/søkar er best posisjonert til å vurdere kven ein tykkjer det er praktisk å bruke til dette. Rådmannen kjem ikkje til å gå inn og vurdere bustadadressa til dei som vert ført opp som vikar eller ekstrahjelp.

Næringstransport

Det er etablert ein praksis der føretak som har behov for transport av materiale, utstyr og personell på vinterføre i samband med oppdrag på hytter og støler, får tildelt løyve etter § 6 i nasjonal forskrift om unntakstilfelle. Dette er breitt aksepterte nytteføremål, men det manglar heimel i lovverket.

Forslag til vedtak

Utvalet vedtek følgjande retningslinjer for behandling av søknader om snøskuterløyve:

1. Løyva skal knytast til person/føretak - ikkje til registreringsnummer.
2. I verneområda skal det som hovudregel gjevast løyve etter motorferdselslova i samsvar med løyve gitt av verneområdeforvaltninga.
3. Det skal som hovudregel tildelast løyve for fem år om gongen.
4. Det skal leggjast inn som eit standardvilkår i løyva at det av tryggleikssyn er lov til å ha med ein følgjeskuter.
5. Hytteeigarar i Grydalen og Donsen bør ikkje tildelast eigne løyve til transport av bagasje og utstyr. Denne transporten bør gjennomførast av leigekøyrarar.
6. Avgrensinga mellom leigekøyning og private hytteløyver i Josdal skal avklarast i samråd med veglaget/grunneigarane.
7. Leigekøyringsløyve kan gjevast til grunneigar eller ein person/personar som grunneigar har delegert ansvaret til. Vikarar og ekstrahjelp skal førast opp i søknaden.
8. Kwart leigekøyringsløyve skal knytast opp til eit eller fleire gnr/bnr der det er behov for leigekøyning, men leigekøyringsløyva er også gjeldande utanfor dei gnr/bnr dei primært er knytt opp til.
9. Innehavarar av leigekøyringsløyve har – innanfor rimelige grenser – plikt til å stille opp ved førespurnad om transport, også i nærområdet utanfor dei gnr/bnr løyvet primært er knytt opp til.
10. Føretak som har behov for transport av materiale, utstyr og personell på vinterføre i samband med oppdrag på hytter og støler, vert oppmoda til å søkje om løyve etter § 6 i nasjonal forskrift.

Saksprotokoll i Utvalg for teknikk, landbruk og miljø - 11.10.2016 – PS sak 16/126.

Votering

Rådmannens forslag til vedtak ble vedtatt mot 1(AP) stemme.

Vedtak

Utvalet vedtek følgjande retningslinjer for behandling av søknader om snøskuterløyve:

1. Løyva skal knytast til person/føretak - ikkje til registreringsnummer.
2. I verneområda skal det som hovudregel gjevast løyve etter motorferdselslova i samsvar med løyve gitt av verneområdeforvaltninga.
3. Det skal som hovudregel tildelast løyve for fem år om gongen.
4. Det skal leggjast inn som eit standardvilkår i løyva at det av tryggleiksomsyn er lov til å ha med ein følgjeskuter.
5. Hytteeigarar i Grydalen og Donsen bør ikkje tildelast eigne løyve til transport av bagasje og utstyr. Denne transporten bør gjennomførast av leigekøyrarar.
6. Avgrensinga mellom leigekøyring og private hytteløyver i Josdal skal avklarast i samråd med veglaget/grunneigarane.
7. Leigekøyringsløyve kan gjevast til grunneigar eller ein person/personar som grunneigar har delegert ansvaret til. Vikarar og ekstrahjelp skal førast opp i søknaden.
8. Kwart leigekøyringsløyve skal knytast opp til eit eller fleire gnr/bnr der det er behov for leigekøyring, men leigekøyringsløyva er også gjeldande utanfor dei gnr/bnr dei primært er knytt opp til.
9. Innehavarar av leigekøyringsløyve har – innanfor rimelige grenser – plikt til å stille opp ved førespurnad om transport, også i nærområdet utanfor dei gnr/bnr løyvet primært er knytt opp til.
10. Føretak som har behov for transport av materiale, utstyr og personell på vinterføre i samband med oppdrag på hytter og stoler, vert oppmoda til å søkje om løyve etter § 6 i nasjonal forskrift.

Inge Hedenstad Stangeland
Rådmann

Sven Sandvik
Plan- og miljøkonsulent